

Fornyning og kall på "Sommartreff"



Ingrid K. Steinshamn saman med dei minste borna.

Det var solskin for skyfri himmel då indremisjonsbevegelsen samla seg til "Sommartreff for heile familien" på Møre Herøy søndag 1. juni.

Tekst og foto: Karl Arne Austnes

Og vi opplevde solskin og varme frå Herren også, som møtte oss sterkt gjennom song og forkynning. Vi gledde oss særleg over at

mange barnefamiliar var med oss. Borna og dei unge er framtida for indremisjonsarbeidet. Difor er det viktig at dei er med og får oppleve seg som ein stor del av samanhengen.

Laurdag kveld fekk vi klangfull og vakker evangelisk song frå ei nystarta gruppe frå Godøy. Dei gledde mange med songen sin og gjorde møtet til eit verkeleg festmøte. På søndag føremiddag fekk vi høyre ein frisk gjeng frå

Ulstein Soul Children som formidla mykje glede med songen sin. På ettermiddagen hadde vi besøk av Ragnhild og Jan Huse som delte av song- og salmeskatten vår på ein sterk og god måte. Alle songkreftene var med og gjorde møtesamlingane rikare.

Andreas Nordli, som er dagleg leiar i Ungdom i Oppdrag Norge, var talar på "Sommartreffet". Hans forkynning nådde inn til mange av oss. Andreas var ikkje

redd for å ufordre. –Jesus vil ha førsteplassen i livet vårt, medan vi har så lett for å sette oss sjølve i sentrum. –Vi tenkjer først og fremst på heimstaden vår, er det rett? For Jesus er alt like viktig, evangeliet må ut til heile jorda. –Det å vere til stades i menneske sitt liv må ikkje erstatte forkynninga. Vi må ikkje tru at å smile og vere glad er nok om vi ikkje forkynner evangeliet. –Kvalitet er ikkje viktigare enn kvantitet. Jesus ynskjer å nå alle menneske med evangeliet. Difor må vi ikkje vere fornøgd med å beskytte og bevare. Då kan vi ikkje vekse. –Er frykta større enn kallet? Eg har bestemt meg for at eg skal få med meg så mange som mulig til himmelen, kva vil du? Vil du vere med å gi "full gass" for at menneske skal bli frelst?

Dette var nokre av dei ransakande spørsmåla vi fekk denne helga. Mange opplevde eit fornya kall til teneste. Vi gler oss over det vi fekk frå Herren og vonar at det vil vise igjen i arbeidet vårt.

Indremisjonsforeiningane i Ulsteinvik og Remøy hadde lagt alt det praktiske godt til rette saman med leiinga for skulen vår på Møre Herøy. Ung Misjon hadde ansvar for Barnas dag og fekk mykje skryt for opplegg og gjennomføring. Til indremisjonsarbeidet på Sunnmøre vart det samla inn om lag 250.000 kr denne helga. Tusen takk til alle som var med.



Vinne, utruste og sende



Karl Arne Austnes
Kretsleder Sunnmøre
Indremisjon

Dette er kjerneorda i visjonen for strategiplanen som vart handsama på årsmøtet i Sunnmøre Indremisjon 31. mai. Det handlar om oppdraget vårt. Det må vi aldri gløyme. Og oppdraget er å forkynne evangeliet til frelse og fornying. Difor ynskjer vi at desse tre kjerneorda skal ligge fremst i hjartet og hovudet vårt når vi tenkjer på indremisjonsarbeidet. Indremisjonsarbeid er å vinne, utruste og sende menneske med evangeliet.

Vi har ofte tenkt at oppdraget er å vinne for å bevare. Og det er mykje godt og rett i det. Men tenk etter, er det ikkje noko passivt i ei slik tenking? Noko som handlar om «konservering», at det viktigaste er å bli bevart. At det viktigaste er at vi har himmelbilletten på plass i bakklomma, men elles gjer vi det vi sjølve vil utan at trua på Jesus påverkar kvardagen vår? «For meg er livet Kristus» seier Paulus i Fil 1,21. Denne radikale haldninga er det vi ynskjer skal prege oss som vil drive indremisjonsarbeid på Sunnmøre. Jesus er ikkje ein fritidsaktivitet, men sjølve LIVET! Og då har vi eit større mål enn berre å bli bevart, vi ynskjer at livet vårt skal ære Jesus og at vi i alt viser oss som Guds tenarar (2. Kor 6,4).

Vinne

Vi trur det er viktig å sjå på mange av folket vårt som unådde. Den kristne påverknaaden i samfunnet er klart svekka i forhold til den situasjonen vi hadde for nokre 10-år sidan. Har vi tatt dette inn over oss? Prøver vi å nå nye menneske? Vi ynskjer å oppmuntre til evangelisering og sjelevinnararbeid. Ikkje minst er diakonien viktig for at vi skal nå nye menneske.

Å vise omsorg og kjærleik for menneske, å vise at ein bryr seg, vil alltid gjere det lettare å nå folk med evangeliet. Difor må vi oppmuntre kvarandre til med iver å prøve å vinne menneske for Jesus.

Utruste

Skal vi nå ut til menneske med evangeliet må vi bli utrusta. I forkynnararbeidet vårt, gjennom relasjonsbygging og i leiartrening ynskjer vi å sjå menneske blir utrusta til å bli Jesus sine læresveinar. Reiskapen for å oppnå dette er Guds ord, og den heilage Ande gir kraft. Difor må forkynning og undervisning i Guds ord ha rikeleg plass mellom oss. Men vi trur også at den gode samtalen i mindre grupper er viktig der vi kan dele erfaringar og oppmuntre kvarandre. Bøn er ein viktig del av det å bli sett i stand til teneste. Difor vil vi oppmuntre til at bøna har ein sentral plass i forsamlingsliv og i den enkelte truande sitt liv. Bøna er andedrettet i trua sitt liv.

Sende

Jesus seier sjølv at han sender læresveinane sine. Vi må i større grad bli bevisst at vi er sendt av Herren med evangeliet til Sunnmøre. Det betyr at nokon må vere villege til å flytte på seg. Kanskje til Ytre bydel i Ålesund eller til ei av bygdene våre der arbeidet er i ferd med å dø ut. Vi må konkret peike på misjonsutfordringane og kalle folk til å gå. Det personlege kallet er viktig for at vi skal vere uthaldande og for at vi skal kjenne på kvile i tenesta. Til slutt vil eg minne om at det er viktig å stå saman som bevegelse, det er saman vi er sendt til folket vårt på Sunnmøre med evangeliet.

«For meg er livet Kristus» seier Paulus i Fil. 2,21. Denne radikale haldninga er det vi ynskjer skal prege oss som vil drive indremisjonsarbeid på Sunnmøre.»

Nytilsatt i Ung Misjon



Ingrid Steinshamn ser fram til å jobba i Ung Misjon.

Her skal du få bli betre kjend med den nye arbeidaren vår, Ingrid Steinshamn.

Tekst og foto: Rannveig A. Nybø

Eg heiter Ingrid Kvam Steinshamn, og eg kjem frå Frekhaug utanfor

Bergen. Eg er nytilsatt i Ung Misjon, og gler meg veldig til å bli kjent med både unge og eldre i Sunnmøre Indremisjon. Nokon av dykk kjenner meg kanskje frå ImF-UNG, der eg har arbeidd bl.a. som barne- og familiekonsulent og som KidzCamp-leder på Lyngdal Bibelcamp. I fjor på denne tida flytta eg med mann og tre barn, frå Frekhaug til Ålesund. Vi har funne oss godt til rette her i byen, og gler oss over kvardagen som har begynt å "rutinere seg" her.

Av yrke er eg lærer, og eg trivs veldig godt med å formidle til barn og unge. Så det er godt mulig at eg kjem til å trives godt her i Ung Misjon, då formidling vert ein stor del av arbeidet mitt den komande tida.

I Ung Misjon skal eg få lov til å vere med å formidle det aller beste og viktigaste til dei unge på Sunnmøre. Eg kjem til å reise ein del på leir, familiemøter og samlingar. I tillegg vil vi i Ung Misjon satse endå meir på å hjelpe deg som brenn for å nå familiar i nærmiljøet og barna deira. Har du ein ide eller ei interesse for noko som kanskje kan samle ei lita gruppe? Kanskje du ynskjer å lære gutane i nabolaget å bygge radiostyrt bil, eller gapahuk og båltenning? Det er ikkje meir som skal til, enn eit ynskje om å nå dei unge. Metodane og rammene er fleirfaldige, og vi har lyst til å hjelpe deg med å få sett dette ut i livet. Det treng ikkje vere så vanskelig ser du. Jesus har jo sagt han vil vere med!

Og vi vil så gjerne at Guds Ord skal få plass i kvardagen til dei unge på Sunnmøre. Ei veke har 168 timar. Kor mange av desse timane får dei unge høyre om Jesus som Herre og Frelsar i nettopp DEIRA liv? Kanskje vi kan auka desse timane, både for våre egne og for naboene sine.

Vil du vere med?

Ta gjerne kontakt med meg på i.steinshamn@imf.no, og/eller gå inn på www.lagsarbeid.no og bli inspirert! Vi snakkast!

Barnas sommertreff

Nesten 20 barn var med på Barnas Dag under årsmøtet til Sunnmøre Indremisjon.

Tekst og foto: Rannveig A. Nybø

Etter felles start i gymsalen på Møre Barne- og ungdomsskule gjekk barna i barnetog med eiga BarnasDag-fane over til lokala vi skulle benytte denne dagen. Dette var i barneskulen sine klasserom, flotte klasserom som passa perfekt til formålet!

Vi starta med samling med song og andakt. Ingrid Kvam Steinshamn fortalte om Saulus som møtte Jesus i eit sterkt lys, og vart totalt forandra!

Andre ting frå programmet var bl.a. «hald servietten fast i nasen lengst»-leiken, hobby med pasta og spraylakk, hoppeslott og den utrulig stilige dominorekka barna laga! Imponert! Dei to lokale ungdomanes som hjalp til under Barnas Dag var kjempekjekke å ha med.

Søndagen var det barneopplegg under både storsamlinga og takk- og lovsangsmøtet. Under første møtet vart barna delt i to grupper, med andakt tilpassa aldersgruppa. Etterpå fekk dei eldste prøve seg på Funbattle! Stikkord her er vestar med borrelås og ball. Elles er jo foxkanon alltid ein suksess. Nokre våga seg også til med ansiktsmaling og etter kvart dukka det opp både tigrar og sommerfuglar



ORGAN FOR SUNNMØRE INDREMISJON

Heimemisjoen

Redaktør: Karl Arne Austnes
Postboks 7836 Spjelkavik,
6022 Ålesund
Tlf. 70 17 86 70
Fax. 70 17 86 69
Bankgiro: 3000.15.31235
E-post: sunnmore@imf.no
Internett: www.imf.no/sunnmore
Ung Misjon: www.ungmisjon.no

Brusdalsheimen

Telefon: 70 27 45 53
Bankgiro 3900.31.17255

Orreneset Misjonssenter

Telefon: 70 25 07 56
Bankgiro: 4045.07.07211

Daggry barnehage

Telefon: 70 18 24 97
Bankgiro: 3000.21.36682

Borgund Folkehøgskule

Telefon: 70 17 76 00
Bankgiro: 8220.002.20788

Møre Ungdomsskule

Telefon: 70 17 66 70
Bankgiro: 8220.02.80287

Møre Ungd.skule Herøy

Telefon: 70 08 05 50
Bankgiro: 3000.18.45655

Begravelsesbyrået Sunnmøre A/S

Telefon: 70 17 86 60
Vakttelefon: 90 86 38 56

Si-Reiser AS

Telefon: 70 17 90 00
www.si-reiser.no

Radio Sentrum

Telefon: 70 15 41 00
Bankgiro: 3900.21.10311
www.radiosentrum.no

Ramme for strategi vedtatt



Per A. Sæter og Peder Almedal vart takka for trufast teneste i krinsstyret.

Knapt 100 utsendingar var samla til årsmøte i Sunnmøre Indremisjon på Møre Herøy laurdag 31. mai. Dette er litt færre enn året før og vi vonar at det ikkje er ein trend.

Tekst og foto: Karl Arne Austnes

Det er viktig at mange melder seg som utsendingar for då får vi ei brei forankring av vedtak i årsmøtet. Difor vonar vi at mange alt no set av 6. - 7. juni neste år for då er det klart for nytt "Sommartreff" med årsmøte.

Oddbjørn Brunstad, Hallvard Emblemsvåg og Håvard Nybø vart valde til medlemmar i krinsstyret. Nils Myklebust, Jan Ivar Stokset og Hans Magne Muren vart valde til varamedlemmar, i den rekkefylgja.

Ny strategi for perioden 2014 - 2019 var viktigaste saka på årsmøtet. Mange tok ordet og vi fekk ei grundig drøfting av saka. Visjon for strategiperioden er: "Vi vil vinne, utruste og sende menneske med evangeliet på Sunnmøre". (Sjå leiarartikkel).

Dei delane av planen som gav mest diskusjon var tankane rundt leirarbeidet og framtida for Ålesund bedehus. I tillegg var nokon urolege for

at det ikkje var arbeid nok med økonomidelen av planen.

Når det gjeld leirarbeidet vart det frå alle som tok ordet streka under at dette er ein god og viktig arbeidsreiskap. Diskusjonen gjekk på om vi har behov og økonomi til å drive to leirstader eller om det er tid for å gjere noko med strukturen. Konklusjonen vart at ein ynskjer å utrede framtida for leirarbeidet og m.a. sjå om det kan ligge til rette for samarbeid med andre kristne organisasjonar om leirdrift.

Ungdom i Oppdrag Ålesund ynskjer å utvide samarbeidet dei har om leige av Ålesund bedehus. Dei har sagt at dei kan vere interesserte i både leigeavtale og kjøp av huset. Tanken er då å flytte DTS'en (Disippeltreningsskule) til bedehuset og å drive Ungdomskafè. Ungdomskafèen er tenkt som base for evangelisering. Dei ynskjer også å legge til rette for at Ålesund Im kan få ha si møteverksemd i bedehuset som vanleg. Sunnmøre Indremisjon fekk Ålesund bedehus som gåve frå Ålesund Indremisjon for omlag 5 år sidan. Representanten frå Ålesund Im gav klart uttrykk for at dei ynskjer ein leigeavtale med UiO. Det vart difor bestemt at bedehuset ikkje kan seljast utan at det vert godkjent i ordinært eller i ekstraordinært årsmøte i Sunnmøre Indremisjon.

Elles vart det frå mange streka under at skule- og barnehagesatsinga er ei viktig og rett satsing.

Krinsstyret skal vidare behandle planen med dei endringar som kom og lage tiltaks- og økonomiplan slik at dei vala som er gjort kan bli sett ut i live.

Skulejubileum i haust

Borgund Folkehøgskule er 100 år i år. Den store jubileumshelga blir 27.-28. september. Det er laga eit flott jubileumsprogram som de m.a. finn på heimesida til krinsen; sim-imf.no. Jubileumsboka til Borg er også til sals, dette har blitt ei flott og interessant bok som de får kjøpe på skulen eller på krinskontoret.

5.-7. september markerer Møre barne- og ungdomsskule Herøy 10 års jubileum. Vi kjem tilbake med detaljert program for helga seinare. Sett av datoane og bli med på feiringa av skulane våre.

Krinsøkonomien

Rekneskapan pr april 2014 viser at vi har eit driftsunderskot så langt i år på nesten 300.000 kr. Dette er vi sjølv sagt ikkje glade for og ber om at de tenkjer på krinsen når de gir dykkar gåver. Særleg vil vi minne om at det er viktig at vi får inn gåver frå foreiningar og lag. Dei siste åra har vi fått inn mindre gåver frå barne- og ungdomslaga våre. Vi minner om at "Ung misjon" har tre tilsette som skal ha si løn, difor er vi glade for alle bidrag frå barne- og ungdomslaga våre.

KRINSNYTT

Prosjekt "Ytre bydel" Ålesund

Godøy Indremisjon sitt innsamlingsarbeid til dette prosjektet går no mot slutten og vi vil takke for forbøn og midlar som har blitt samla inn. Vi kjem med meir informasjon om korleis det går med arbeidet til hausten. Fortsatt ynskjer vi å kome i kontakt med kristne som bur i området og som vil vere med og starte arbeid saman med oss. Be for dette arbeidet og ver gjerne med og gi midlar til prosjektet.

ORRENESSTEMNE

Søndag 10. august

Møter kl. 12.00 og kl. 15.00



Taler:
Erik Furnes

Salg av middag og kaffi

Vel møtt!



"60 + "

Brusdalsheimen

18. - 21. august

Hovedtaler:
Kjell Hagen



Gode songkrefter blir med

Jostein Mulelid, Karl Arne Austnes
m.fl. tek del.

Påmelding til :
Sunnmøre Indremisjon tlf. 70 17 86 70
Brusdalsheimen: tlf. 70 27 45 53

Velkomen!



SunnmørsKirka

Ordet nær - mennesket nær!

24. august kl. 12.00

Møre barne- og ungdomsskule

Herøy

Taler:
Karl Arne Austnes



Sangkrefter tek del

VELKOMMEN!



**SKODJE
AUTO AS**

Telefon: 70 27 59 75 - Telefax 70 27 58 79 - 6260 Skodje
Mekanisk verksted Periodisk kjøretøy kontroll
EU-kontroll Service
Salg og service av dekk
Bensinstasjon Kiosk
Varm mat
Bilvask
Ring: 70 27 59 75

Johan R. Sunde AS
6037 Eidsnes

• Fargehandel
• Jernvarer • Hobbyartiklar

Tlf.: 70 19 07 03 Fax: 70 19 01 17